



DEN NORSKE KYRKJA
Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Stine Waage, Monica Thomassen Waage, Hilde Koppen og Stein Hugo Fykse.

Varamedlemmer:

Ikkje møtt: Martin Karlsen

Kommunal representant: Gidske Borge Kolltveit

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 05/25 – 10/25

F 05/25	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 14.01.2025
Vedlegg	Møteboka frå 14.01.2025 Innkallinga til møtet 18.03.2025
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 06/25	ORIENTERINGAR
	• Kyrkjemusikar for Austrheim og Fedje • 100% samla sekretærressurs for Austrheim og Fedje sokn

F 07/25	GODKJENNING AV REKNESKAPEN FOR 2024
Vedlegg: Rekneskapsdokumentet frå Aider	<u>Bakgrunn:</u> Fedje sokn sin årsrekneskap er no klar. Den syner eit mindreforbruk på drifta på kr. 54.293,-. Det er likevel ført kr. 37.008,- på investeringsrekneskapen. Det vart ikkje laga eit investeringsbudsjett for 2024. Summen som no er ført på investeringsrekneskapen er kostnadane med tilstandsanalysen for kyrkja. Denne kostnaden vart ført i 2024. Grunna innhaldet i denne analysen har vi sett på behovet for å laga eit fond som går på ny varmeløysing i kyrkja. Dette er belyst nærare i saka om tilstandsrapporten. Søknad om og montering av



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	varmepumper i kyrkja vil få høgast prioritet i 2025. Aider ønskjer at vi i dette vedtaket også definerer bruken av basarpengane og at desse vert henta frå fond basarpengar til fond som vi kallar «ny varmeløysing i kyrkja.» Fondet som vert kalla «ny varmeløysing i kyrkja» vil vera gjeldande for 2025 og kanskje også i 2026. Dette er grunnen til at det vart laga ein investeringspost for 2024, sidan samla summar til samme formål over tid vil overstiga kr. 100 000,-, som er grensa for kva som vert definert som investering (og ikkje berre drift). Inntektssida er noko høgare enn det som er budsjetttert medan utgiftssida er omtrent som forventa. Inkludert i dette er i tillegg ei uventa amerikagåve på kr. 100 000,-, som bidrar til eit positivt resultatet i 2024. Noko av desse midlarne er indirekte brukt for å finansiera tilstandsrapporten. Vidare vil desse midlane og meire til bli brukt til ny varmeløysing i kyrkja i 2025. Samla disposisjonsfond for Fedje sokn er ved utgangen av 2024 på kr. 475.220,-. På disposisjonsfond som heiter «basarpengar» står det frå før av kr. 49.585,-. Innsamla på kyrkjebasaren i 2024 var netto inntekt kr. 43.745,-. Begge desse summane er no foreslått overført til eit fond som heiter «ny varmeløysing i kyrkja». <u>Drøfting:</u> Kombinasjonen av stram budsjettstyring og høgare inntekter enn berekna, har ført til at soknet sin økonomi balanserer med eit lite mindreforbruk i rett ende. <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd godkjenner rekneskapen for Fedje sokn for 2024 slik den ligg føre. Mindreforforbruk på drifta på kr. 54.293,- vert disponert på følgjande måte:</i> • <i>Basarinntekter i 2024 kr. 43.745,- vert overført til nytt fond som vert kalla «ny varmeløysing i kyrkja». Tidlegare innsamla midlar under fondet «basarpengar» kr. 49.585,- vert overført til fond for «ny varmeløysing i kyrkja.»</i> • <i>Resterande beløp kr. 10.548,- vert overført disposisjonsfond.</i> • <i>Utgifter til investering for 2024 kr. 37.008,- vert henta frå disposisjonsfond.</i>
Vedtak:	Fedje sokneråd godkjenner rekneskapen for Fedje sokn for 2024 slik den ligg føre. Mindreforforbruk på drifta på kr. 54.293,- vert disponert på følgjande måte: • Basarinntekter i 2024 kr. 43.745,- vert overført til nytt fond som vert kalla «ny varmeløysing i kyrkja». Tidlegare innsamla



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	midlar under fondet «basarpengar» kr. 49.585,- vert overført til fond for «ny varmeløysing i kyrkja.» • Resterande beløp kr. 10.548,- vert overført disposisjonsfond. • Utgifter til investering for 2024 kr. 37.008,- vert henta frå disposisjonsfond.
--	--

F 08/25	GODKJENNING AV ÅRSMELDINGA 2024
Vedlegg: Årsmelding 2024	<u>Bakgrunn:</u> Årsmeldinga er lagt ved. Kyrkjeverja tilrår at årsmeldinga vert godkjent. <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd godkjenner årsmeldinga for 2024 slik den ligg føre.</i>
Vedtak:	Fedje sokneråd godkjenner årsmeldinga for 2024 slik den ligg føre.

F 09/2025	GJENNOMGANG AV TILSTANDSRAPPORTEN FOR KYRKJA (+ BÅREHUSET) – MED PRIORITERINGAR
	<u>Bakgrunn:</u> Soknerådet v/leiar, har tatt initiativet til å få på plass ein tilstandsanalyse av kyrkja. Kirkens Arbeidsgivarorganisasjon (KA), der soknet er medlem, har eigne prosedyrar for korleis dette skal utførast. Ein tilstandsanalyse er ei heilskapleg kartlegging av tilstanden til kyrkja. Den loddar langt djupare enn den årlege gjennomgangen kyrkjekontoret har hatt med kommunen. Tilstandsrapporten er lagt ved. Rapporten sin viktigaste konklusjon er at kyrkja si største utfordring innvendig, er for høg grad av fukt, noko som har negativ påvirkning på inneklimaet mm. Tilrådinga er å få installert varmepumper snarast råd. Dette vil betra tilstanden til kyrkja, med jamn varme, mindre fuktproblem og ikkje minst: reduserte oppvarmingsutgifter, sidan varmepumper er langt meir effektive enn den elektriske oppvarminga som vi har no. Tilstandsrapporten syner elles til ei mengde med større og mindre oppgraderingsbehov, med ulik prioriteringsgrad. Samla kostnad for alle utbetringane smått og stort, er nærare 2 millionar kroner eks. mva. Tilstandsrapporten peikar på behovet for universell inngang, utan at kostnaden for dette er lagt inn. Dette er noko som kommunen sjølv har planar om å setja av midlar til i 2026.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	Nokre punkt frå tilstandsrapporten vert trekt fram her: • Vask, seising og maling utvendig av tårnet. • Vask og maling av kyrkja utvendig elles. • Behov for nye vindaugsrammer til vindaugene i koret. • Fuging av vindaug og nye tetningslister. • Festa rekkverk til galleriet i begge endar. • Diverse saltutslag som skuldast fukt. • Lekkasje ved inngangen til prestesakristiet. • Ny fuging av diverse flater med skifer. • Må ha nytt tak over bårhuset. • Alt for dårelege toalettfasilitetar i bårhuset. <u>Drøfting:</u> Rapporten dannar eit godt grunnlag for dialogen med kommunen om prioriteringar og ansvarsdeling på utbetringar i kyrkja. Litt kan gjerast på dugnad. Det meste må utførast av fagfolk. Installering av varmepumper vil ha mange positive bieffektar, i tillegg til at det på sikt vil redusera energibehovet og dermed kostnadane for dette. Rapporten vert lagt fram for soknerådet til orientering. <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd tek tilstandsrapporten for kyrkja til orientering og ønskjer å følgja opp innhaldet i denne framover.</i>
Vedtak:	Fedje sokneråd tek tilstandsrapporten for kyrkja til orientering og ønskjer å følgja opp innhaldet i denne framover. <u>Soknerådet ber om at det undersøkes om det er muliq å søke tilskudd frå t.d. stiftelser.</u>

F 10/2025	BRUK AV BASARPENGAR TIL VARMEPUMPER I KYRKJA
	<u>Bakgrunn:</u> Tilstandsrapporten for kyrkja har som ein ser av førre sak, gitt oss eit godt innblikk i behov og kva for prioriteringar ein bør gjera av utbetringar i kyrkja. Som ein kan sjå av førre sak, så er fukt eit gjennomgåande problem for inneklimaet i kyrkja. Dette har samband med at Fedjekyrkja er ei murkyrkje, murt i teglstein. Ingeniør Aarland si tilråding er at varmepumper vil bøta på dette. Varmepumper vil også bidra til at ein får



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	jamnare varme i kyrkja med ein vesentleg reduksjon av energiforbruket, i forhold til dagens elektriske oppvarming. Ein vurderer installasjon av varmepumper til å vera så pass viktig at ein er villig til å framskynda dette så pass tidleg, parallelt med at kommunen har signalisert at ein legg inn midlar til universell inngang. Dei som er ansvarleg for kyrkjebasarane har hatt nokre forslag til kva inntektene kan gå til. Men dei er samstundes tydelege på at det er opp til soknerådet å avgjera kva basarinntektene skal kunna gå til. Drøftingar i stab og AU, har landa på at ein ønskjer å løfta dette fram som eit prosjekt som får forrang, uavhengig av den universelle inngangen til kyrkja. Akkurat dette prosjektet bør gå sin gang, uavhengig av installasjon av varmepumper. Ubrukte basarpengar på fond utgjer for tida kr. 49.585,- + innsamla midlar i 2024 kr. 43.745,- <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd godkjenner at gjenståande midlar samla inn frå kyrkjebasarane, vert brukt som delfinansiering på prosjekt for montering av varmepumper.</i>
Vedtak:	Fedje sokneråd godkjenner at gjenståande midlar samla inn frå kyrkjebasarane, vert brukt som delfinansiering på prosjekt for montering av varmepumper.

(MØTEBOK)

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Stine Waage, Monica Thomassen Waage, Hilde Koppen og Stein Hugo Fykse.

Varamedlemmer:

Ikkje møtt: Martin Karlsen

Frå kyrjekontoret: *Evvy Beate Uthaug – sekretær.*



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Saksoversikt: S 06/2025 – S 09/2025

S 06/25	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 14.01.2025
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 14.01.2025 Innkallinga til møtet 18.03.2025
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 07/25	ORIENTERINGAR:
	• Samarbeidsmøte om flyktningane • «Skikk og bruk i kyrkja» - kurs med Stein Hugo • 8. mai feiringa og kyrkja sin medvirkning der

S 08/25	8. MAI ARRANGEMENTET
	Soknerådet i samarbeid med historielaget planlegg ei kulturell markering i kyrkja i samband med 80 år jubileet til freden. Det er naturleg at det vert ei slik markering i kyrkja denne dagen, sidan kyrkja som ein av ytterst få i landet, vart reist under den tyske okkupasjonen. Det er også ønskjeleg at soknerådet elles bidreg til 8. mai markeringa som kommunen er ansvarleg for. Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

S 09/25	OPPNEMNING AV NY KN KONTAKT
	<u>Bakgrunn:</u> Laila Byrkjeland Husa har vore soknet sin KN kontakt. Ho har no flytta frå kommunen. Det betyr at det er behov for at nokon andre i soknerådet kan overta som KN kontakt. Soknerådet drøftar dette i møtet.
Vedtak:	Monica Thomassen Waage blir ny KN kontakt for soknet.

S 10/25	INNMELDING I FORENINGA «FJON FJELLKYRKJE OG UNGDOMSSENTER»
	<u>Bakgrunn:</u>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	Det har dei si siste par åra blitt jobba med endring av driftsorganisasjonen Fjon Fjellkyrkje. Tidlegare var den eit underbruk av Masfjorden sokn, utan høve til å ha eit eige organisasjonsnummer. Alle sokna i prostiet har bidratt til at fjellkyrkja i si tid vart bygd og følgt opp elles med å leiga kyrkja, samla inn midlar i form av kyrkjeofringar til drifta og at eit medlem av soknerådet har møtt i rådsmøtet ein gong i året. Styret har dei siste åra arbeidd med å finna ein ny organisasjonsform som både er fleksibel og ikkje stiller det enkelte sokn ansvarleg om ein skulle gå konkurs. Organisasjonsforma ein har landa på er «forening». Ein har med vilje ikkje landa på organisasjonsforma «stifting», til dømes. Soknerådet gav si tilslutning til den nye organisasjonsforma i S – sak 13/24 den 16. april 2024. Tone Sævi vart oppnemd som soknerådet sin representant til rådsmøtet den 28. mai 2024, der den nye organisasjonsforma vart vedtatt. I vedtektene til den nye foreininga skal framleis Masfjorden sokn vera formell eigar av fjellkyrkja, medan foreininga skal stå for drifta. Dette er i praksis ikkje den store endringa i forhold til slik det har vore. Men no er «Foreininga Fjon fjellkyrkje og Ungdomssenter» ei sjølvstendig eining med eige organisasjonsnummer. Det er altså ikkje nok å ha vedtatt ei ny organsiasjonsform. Ein må i tillegg ha eit formelt vedtak der ein vert innmeldt i foreininga. Det er det denne saka dreiar seg om. <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd melder seg inn som medlem i «Foreininga Fjon Fjellkyrkje og Ungdomssenter».</i>
Vedtak:	Fedje sokneråd melder seg inn som medlem i «Foreininga Fjon Fjellkyrkje og Ungdomssenter».